



# Etne Kommune

Utkast planprogram  
**KULTURPLAN**

Etne kommune

Forslag vedtatt i komité Drift  
sak 17/10499.  
Høyringsfrist 4. januar 2018.

## **INNHOLD**

1. Bakgrunn og formål med planen.....	3
2. Kva er eit planprogram.....	3
3. Organisering.....	4
4. Område som skal behandlast i planen.....	4
5. Målsetjingar som skal løysast i planen.....	5
6. Aktuelle utgreiingar.....	6
7. Medverknad og informasjon.....	7
8. Framdriftsplan.....	8
9. Føringar for planarbeidet.....	9

## **1. BAKGRUNN OG FORMÅL MED PLANEN**

Etne kommunestyre gjorde i november 2016 vedtak om utarbeiding av ein ny, overordna kulturplan for heile kulturfeltet inkludert plan for idrett og friluftsliv, bibliotek og kulturminne. Etter krav frå Kulturdepartementet blir det nå parallelt med Kulturplanen utarbeidd eigne kommunedelplanar for Idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet og for Kulturminne.

Planen skal vere eit strategisk styringsdokument for Etne kommune sin politikk på heile kulturfeltet i eit ti-års perspektiv. Det er behov for ein samla overordna plan som kan vere eit arbeidsreiskap for framtidige prioriteringar og satsingar. Eksisterande Kulturplan blei vedteken i 1979.

Den nye Kulturplanen tar utgangspunkt i kommuneplanen sin samfunnsdel som har føljande hovudmål for kultur og fritid i Etne:

***Etne kommune skal halda på posisjonen som Kulturkommunen i regionen.***

***Kultur-, idretts- og fritidstilbodet skal vera breitt og variert med ulike grader av samspel, kreativitet og sjølvdisipin. Dette skal skje i samarbeid med frivillige lag og organisasjoner.***

Planen skal vere eit verktøy for å nå delmåla i kommuneplanen sin samfunnsdel ved å peika på tiltak, leggja til rette for handlingar og gjennomføra strategiar. I tillegg, skal den innehalde eit handlings- og tiltaksprogram som skal vera lettles og forståeleg for alle som les planen. Eit godt handlings- og tiltaksprogram (HOT) vil og gjera det enklare mot budsjettvurderingar kvart år. Administrasjonen legg opp til ein god dialog for prioritering kvart år i i samband med budsjettarbeidet og rullering av planen.

To viktige føresetnader vil vere å ha full politisk medverknad i sakshandsaminga og forankra planen i lag, organisasjoner og andre kultur- og idrettsaktørar.

Kulturplanen skal også ta utgangspunkt i **Kulturlova** (2007) som understrekar det offentlege sitt ansvar for utviklinga av kulturverksemda i landet. Utdrag frå Kulturlova § 1 og § 4:

### **§1 Føremål**

*Lova har til føremål å fastleggja offentlege styresmakter sitt ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleva eit mangfold av kulturuttrykk.*

### **§4 Fylkeskommunen og kommunen sine oppgåver**

*Fylkeskommunen og kommunen skal syta for økonomiske, organisatoriske, informerande og andre relevante verkemiddel og tiltak som fremjar og legg til rette for eit breitt spekter av kulturverksemd regionalt og lokalt*

## **2. KVA ER ET PLANPROGRAM?**

Eit planprogram er eit verktøy for tidlig medverknad. Det skal fortelja om formålet med planarbeidet, avklara viktige problemstillingar, avklara evt. utgreiingsbehov og seia korleis planlegginga skal gjennomførast. Planprogrammet vil gi alle interesserte høve til å kome med innspel og synspunkt tidleg i prosessen, før det er trekt nokon konklusjonar.

Utarbeiding av eit planprogram er heimla i Plan- og bygningslova § 4-1.

### **3. ORGANISERING**

Planarbeidet føljer krava i Plan- og bygningslova med omsyn til politiske behandlingar, offentlege ettersyn, høyringsfristar, kunngjering og liknande.

Godkjenning av utkast til planprogram	Komit� Drift
Endeleg godkjenning av planprogram	Komit� Drift -> Kommunestyre
Godkjenning av utkast til plan	Komit� Drift
Endeleg godkjenning av plan	Komit� Drift -> Formannskap -> Kommunestyre
Styringsgruppe:	Komit� drift
Prosjektansvarleg:	R�dmannen
Prosjektleiar:	Leiar kultur
Arbeidsgruppe:	Administrativt samansett av ein representant fr� kulturkontoret, ein fr� biblioteket og ein fr� kulturskulen. Kyrkja m� trekkast inn i delen som omhandlar kyrkja som kulturinstitusjon.
Aktuelle referansegrupper:	Musikkr�det, Sogelaget/Bygdeboknemnda, Idrettsr�det, barne- og ungdomsorganisasjonar, Eldrer�d, Barnas kommunestyre, kulturinstitusjonar.

Fagkompetanse vert henta inn etter behov ved utgreiing av ulike tema og problemstillingar i planarbeidet.

### **4. OMR DE SOM SKAL BEHANDLAST I KULTURPLANEN**

Kulturplanen er ei oppf ljing av Kommunal planstrategi og Kommuneplanen sin samfunnsdel fr  2016.

Kommunal planstrategi 4.1.2. Kultur og fritid seier noko om breidda av planomr det:

*Etne kommune er ein kulturkommune – med ei rik kulturhistorie og eit spennande kulturliv.*

*Kommunen er sv rt stolt av lokale arrangement som Etnemarknaden, Sk nevik*

*Bluesfestival og Etne Cup, og det er viktig for kommunen   st tta opp under arrangement som dette.*

*Det kommunale kulturtilbodet omfattar bibliotek, ungdomsklubb og kulturskule. Kyrkja ligg ogs  under det kommunale ansvarsomr det til eining for kultur.*

*Etne kommune har over 100 lag og foreiningar, kino, museum, idrettsanlegg, og i tillegg finst ei rekke regionale og interkommunale lag og foreiningar kor Etne kommune er involvert.*

*Kultur- og idrettssenteret Skakke er viktig for kultur og idrett i kommunen.*

*Kommunen er sv rt rik p  kulturminne, og arbeid med desse er ein sv rt viktig del av den kommunale forvaltinga.*

*Det er ogs  gode moglegheiter for eit allsidig friluftsliv i Etne. Friluftsliv er eit satsingsomr de for kommunen, og ein vil i valperioden prioritera   kartlegga og verdisetja lokale friluftsomr de.*

For   gi planen struktur og gjera det enkelt n r tiltak skal innabeidast i budsjettet, tenkjer ein   dela inn i kapittel som samsvarar med budsjettpostane for kultureininga som foljer::

Kulturskule	Undervising i instrument, song, drama/teater og biletkunst. Sal av dirigentteneste til Etne skulekorps. Konsertar og framsyningar for publikum, åleine og i samarbeid med andre.
Bibliotek	Utlån av skjønn- og faglitteratur, lydbøker og filmar. Arrangement, utstillingar og annan aktivitet. Tenester til skular og barnehagar. Arena for samfunnsinformasjon og debatt. <i>Kulturplanen skal innehalda eigen strategiplan for biblioteket.</i>
Historie: Museum, bygdebøker, kulturminne.	Ta vare på kulturminne, kulturmiljø og -landskap, formidling av den historiske arven. Museum. Bygde- og ættesoger. Lokalhistorisk arkiv. <i>Det skal utarbeidast eigen delplan for Kulturminne.</i>
Idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet	Legga til rette for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet for innbyggjarane. Spelemidlar. Turstiprosjekt. Verdisetjing av friluftsområde. <i>Det skal utarbeidast eigen delplan for Idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet.</i>
Musikk, kunst og kunstformidling	Legga til rette for eit aktivt musikkliv, utøvande kunst, kunstformidling, teater og dans. Spelemidlar. Kunst i offentleg eige og offentleg rom.
Barne- og ungdomsarbeid	Legge til rette for eit variert tilbod av kulturaktivitetar for barn og unge. Arrangera Ung Kultur Møtes – UKM. Fritidsklubbar.
Kyrkjebygg, gravplassar og kyrkjeleg personale	Vera bindeleddet mellom kyrkja og kommunen som lovfesta dekkar store delar av Kyrkjeleg fellesråd sitt budsjett.
Kunst- og kulturarv	Ta vare på og legga til rette for formidling av kunst- og kulturarven. Forteljegruppa. Ingvar Moe. Olav Vik. Torild Børretzen m.fl.
Den kulturelle skulesekken/spaserstokken	Forvalta kultursatsingane ved å søkja om økonomiske midlar sentralt, og bidra til aktivitet gjennom målretta bruk av midlane lokalt.
Festivalar /arrangement	Legga til rette for og støtta opp om kultur- og idrettsarrangement.
Kultur-institusjonar	Skakke-senteret. Skånevik Kultur- og Idrettshall. Gjestgjevargarden.

## 5. MÅLSETJINGAR SOM SKAL LØYSAST GJENNOM KULTURPLANEN



### Hovudmålsetjing i Kommuneplanen 2016-2026

*Etne kommune skal halda på posisjonen som kulturkommunen i regionen. Kultur-, idrett- og fritidstilbodet skal vera breitt og variert med ulike grader av samspel, kreativitet og sjølvdisiplin. Dette skal skje i samarbeid med firvillege lag og organisasjonar.*

Samfunnsdelen i Kommuneplanen 2016-2026 har sju delmål for kultur og fritid. Kulturplanen skal vera verktøyet for å nå desse måla. Kvart punkt skal utgreiast med

- Status
- Utdrag av lover, retningsliner og planverk som viser kommunen si rolle og eventuelle målsetjingar for feltet
- Utfordringar og problemstillingar
- Handlingar og tiltak for å nå målsetjingane

- 1) *Kulturskulen skal ha eit variert og godt kjent tilbod.*
- 2) *Turstiar skal registrerast i kart som vil vere tilgjengelege via kommunen sine nettsider. Arbeidet skjer i samråd med grunneigarar. Ein minner om ansvaret som fell på turgåarar når dei nyttar seg av allemannsretten.*
- 3) *Me skal i saman med andre aktørar ta vare på og utvikla eksisterande og nye frilufts- og friområde. Dette er viktig arbeid for å sikre tilkomst for ålmenta.*
- 4) *Kommunen skal vera aktiv med å leggja til rette for, og støtta opp om, kultur- og idrettsarrangement.*
- 5) *Biblioteket vert nytta som ein arena for samfunnsinformasjon og debatt.*
- 6) *Kommunen byggjer opp om frivillig arbeid kring kulturen og er positiv til private initiativ. Initiativ til å ta vare på, og formidle, kulturhistoria og frivillig arbeid for uorganisert ungdom er særleg ynskte tiltak.*
- 7) *Me arbeider for vidareformidling og opplysningsarbeid for den kulturelle arven. Barn og unge er særleg målgrupper for formidlingsarbeidet.*

Handlings- og tiltaksprogram som skal vera lettles og forståeleg for alle. Eit godt handlings- og tiltaksprogram (HOT) vil og gjera det enklare mot budsjettvurderingar kvart år. HOT vil ikkje vere tidfesta til konkrete år for gjennomføring eller konkrete summar knytt til dei ulike tiltaka som vert føreslegne. Folkehelseperspektivet skal vera ein raud tråd i planarbeidet.

## **6. AKTUELLE UTGREIINGAR**

For å vita kor me skal, må me vita kor me er. Det er difor behov for å gjera ein del utgreiingar for å få det grunnlaget som trengst for å gjera eit godt arbeid med planen:

### **Kartlegging av frivillig arbeid**

Det skal gjerast ei kartlegging av det frivillige arbeidet i kommunen som skal gi svar på:

- Typar frivillige lag og organisasjonar i kommunen
- Deira aktivitetar, aldersfordeling, trendar/utvikling
- Deira mål og utfordringar
- Deira vurdering av egne ressursar
- Eksisterande samarbeid og samarbeidspotensiale mellom organisasjonane, kommunen og næringslivet

Kartlegginga skal gjerast av Frivillig Norge, og Etne kommune har mottatt kr 40.000 for frå Fylkeskommunen for å dekka kostnadane.

## **Folkehelsa i kommunen**

Folkehelsetilstanden i kommunen kan gi nytting informasjon om tilstanden generelt, og eventuelle utsette grupper det må rettast tiltak mot for å prøva betra helsetilstanden.

Etne publiserte i 2016 eit oversyn over folkehelsa i kommunen, og informasjon frå denne undersøkinga skal brukast i det vidare arbeidet med planen.

## **UngData**

Gratisundersøkinga Ungdata gir svar på eit breidt spekter av temaområde i ungdommene si fritid i Etne samanlikna med andre kommunar, fylket og resten av landet.

## **7. MEDVERKNAD OG INFORMASJON**

Gjennom arbeidsprosessen med planen er medverknad frå brukarar av kommunale kulturtenester, det frivillige kulturlivet, , interessegrupper, næringsliv, frivillig sektor, nabokommunar, regionale og statlege styresmakter viktig.

Det blir kalla inn til folkemøte, og planprogram og planutkast blir sendt på høyring for å sikra at den endelige planen er godt forankra både hos innbyggjarane og dei som skal bruka Kulturplanen i Etne kommune.

Det skal gjennomførast to høyringer.

Forslag til planprogram blir sendt på høyring samstundes med varsling av planoppstart. Plan- og bygningslova set krav om minimum seks vekers høyringsperiode.

Når endeleg utkast til Kulturplan med handlings- og tiltaksprogram ligg føre, skal den sendast på høyring med 6 vekers frist..

Begge høyringane vil bli kunngjorde i Grannar og på kommunen sine nettsider, i tillegg til at høyringsinstansane vil få eigne høyringsbrev.

Høyringsfrist 4. januar 2018. Innspel kan sendst til Etne kommune, Kultur, Sjoarvegen 2, 5590 Etne eller post@etne.kommune.no.

### **Aktuelle høyringsinstansar:**

Fylkesmannen i Hordaland	Kvinnherad kommune Odda kommune	Etne Musikkråd Etne Idrettsråd
Hordaland Fylkeskommune	Sauda kommune	Etne Sogelag /Bygdeboknemnd
Norsk Kulturforum	Barnas kommunestyre	Lag og organisasjoner
Sunnhordland Museum	Eldrerådet i Etne	Kulturinstitusjonar/- arrangement
Vindafjord kommune	Rådet for fuksjonshemma	

## **8. FRAMDRIFTSPLAN**

<b>Oppstartfase</b>		
Oktober 2017	Orienteiring internt og eksternt om planarbeidet	Prosjektleiar
16. november	Godkjenning av utkast til planprogram. Kunngjering av oppstart, 6 vekers høyringsfrist	Komite Drift Prosjektleiar
Tidleg januar 2018	Innarbeiding av innspel i planprogram	Prosjektleiar/-ansvarleg
Januar/febr. 2018	Endeleg godkjenning av planprogram	Komit� Drift->Formannskap-> Kommunestyre
<b>Utarbeidingsfase</b>		
Januar/febr. 2018	Konstituering av arbeidsgruppa	Prosjektleiar/-ansvarleg
Februar 2018	Stand med innspel til Kultuplanen under Kulturnatt	Prosjektleiar
Mars-april 2018	Folkem�te i Sk�nevik for innspel (�nske om samarbeid med lokal arrang�r)	Prosjektleiar / Arbeidsgruppa?
Febr. – apr. 2018	Kartlegging av frivillig arbeid	Frivillig Norge/ frivillige lag/org / Prosjektleiar
Februar-juni 2018	Fleire m�ter i arbeidsgruppa og med referansegruppene. Kartlegginar, skriving av utkast til plan.	Arbeidsgruppa/ Prosjektleiar
Juni 2018	Statusm�te og dr�fting i styringsgruppa	Komite Drift/Prosjektleiar
Aug./sept..2018	Presentasjon av utkast til plan p� «folkem�te» (samarbeidsarr. Etnemarknad e.l.) Etne og Skv.	Prosjektleiar/-ansvarleg, arbeidsgruppa
Sept./okt. 2018	Innarbeiding av innspel, skriving av utkast	Arbeidsgruppa/ Prosjektleiar
<b>Vedtaksfase</b>		
Okt./nov. 2018	Godkjenning av utkast til Kulturplan. Kunngjering av oppstart, 6 vekers høyringsfrist	Komite Drift Prosjektleiar
Nov./des. 2018	Innarbeiding av innspel i Kulturplan	Prosjektleiar/-ansvarleg
Januar 2019	Endeleg godkjenning av Kulturplan	Komit� Drift->Formannskap-> Kommunestyre

## **9. FØRINGAR FOR PLANARBEIDET**

### **Lokale føringer**

Kommunal planstrategi (sjå kapittel 4)  
Kommuneplanen, samfunnsdelen (sjå kapittel 5)

Forelda kulturplan frå 1979.  
Strategiplan for biblioteket frå 2003.

### **Regionale føringer**

Regionplan Hordaland 2020  
Andre fylkeskommunale planar som omhandlar kultur og idrett

### **Nasjonale føringer**

Kulturlova  
Plan- og bygningsloven  
Lov om folkebibliotek  
Kulturskulelova (§ 13-6 i opplæringsloven av 1997)

- St.meld. nr. 48 (2002-2003): Kulturpolitikk fram mot 2014
- St. meld. nr. 16 (2004-2005): Leve med kulturminner
- St. meld. nr. 22 (2004-2005): Kultur og næring
- St. meld. nr. 25 (2005-2006): Mestring, muligheter og mening  
(Den kulturelle spaserstokken)
- St. meld. nr. 17 (2005-2006): 2008 som markeringsår for kulturelt mangfold  
(Vidareføring av kulturelt mangfold) + Rapport
- St. meld. nr. 39 (2006-2007): Frivillighet for alle
- St. meld. nr. 21 (2007-2008): Samspill (Rytmissk musikk)
- St. meld. nr. 32 (2007-2008): Bak kulissene (Scenekunst)
- St. meld. nr. 35 (2007-2008): Mål og mening (Språk og litteratur)
- St. meld. nr. 8 (2007-2008): Den kulturelle skulesekken
- St. meld. nr. 10 (2008-2009): Knutepunkt
- St. meld. nr. 23 (2008-2009): Bibliotek
- St. meld. nr. 24 (2008-2009): Nasjonal strategi for digital bevaring og formidling av kulturarv
- St. meld. nr. 49 (2008-2009): Framtidas museum
- St. meld. nr. 10 (2011-2012): Kultur, inkludering og deltaking
- St. meld. nr. 18 (2015-2016). Friluftsliv – Natur som kilde til helse og livskvalitet